

Føresegner for skilt og reklame

i medhald av plan- og bygningsloven § 11-9 pkt. 5 jf. § 11-1

1. Føremål

Føremålet med føresega er å sikra at skilt- og reklameinnretningar i Voss kommune får god estetisk utforming med høg kvalitet, og at skilt/reklame ikkje fører til fare eller urimelege ulemper for omgjevnadene eller allmenne interesser.

2. Verkeområde

Alle skilt- og reklameinnretningar i Voss kommune er omfatta av skiltføresegna, det same gjeld markiser på forretningsbygg.

3. Søknadsplikt

Skilt i samsvar med Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) § 4-1 pkt. c) 3 og desse føresegnene kan setjast opp utan søknad, med unntak for skilt i freda og verneverdige bygningsmiljø, eller på freda og verneverdige enkeltbygningar.

All anna skilting er søknadspliktig.

4. Krav til plassering og utforming

Bygningen sin storleik, byggestil, fasadeutforming og fasadematerialer skal vera avgjerande for val av type skilt og skiltutforming. Skiltinga må vera lett leselege utan å dominera eller ha eit unødvendig stort omfang.

Verksemder i same bygning skal samarbeida om ei samstemt skiltutforming som gjev eit tiltalande preg av heilskap. Skiltinga skal også tilpassast nabobygningar.

Tekst, symbol og logo skal som hovudregel plasserast i høgde mellom første og andre etasje.

Husnamn kan plasserast høgare på veggen, men må vera tilpassa fasaden.

Skilt på hovudfasade skal plasserast i tilknytning til inngangen.

For skilting av bensinstasjonar skal også eigen rettleiar leggest til grunn (Lokalisering og utforming av bensinstasjonar – Retningsliner, Norsk form, Norsk Petroleumsinstitutt 1994).

4.1. Skilting

Verksemd på gateplan kan setja opp eitt skilt og eitt uthengskilt mot kvar gate/veg eller plass.

Det må søkjast om skilting for verksemder over og under første etasje. Slik skilting kan berre godkjennast dersom den blir tilpassa eksisterande, lovleg skilting på fasaden.

For verksemder som disponerer store fasadar, kan det søkjast om meir enn eitt skilt.

4.2 Fasadeskilt

Fasadeskilt skal vera tilpassa fasaden i storleik, form og fargebruk.

4.3. Uthengskilt

Uthengskilt kan stikka maksimalt 1 m ut frå fasaden og ikkje vera større enn 0,5 m². Fri høgde skal vera i samsvar med pkt. 5

4.4. Lyssetjing av skilt

Skilt kan setjast lys på, både direkte og indirekte, frittstående bokstavar og logoar kan ha innebygd lyskjelde.

Lyskassar må utformast med lukka front, slik at berre tekst og symboler er gjennomlyst.

Varierende lysstyrke er ikkje tillate.

4.5. Lausfotskilt

Lausfotskilt skal plasserast langs fasade, og skal ikkje koma meir enn 1 meter ut frå husveggen. Ei fortausbreidde på minst 3 meter skal vera fri for fotgjengartrafikk, jf. politivedtektene § 6.

Det er ikkje tillate med lausfotskilt i møbleringssone mot veg.

4.6. Informasjonsskilt

Informasjonsskilt skal plasserast i tilknytning til inngangen, og vera i nøytrale, tilpassa fargar.

4.7. Frittstående skilt

Frittstående skilt er ikkje tillate langs gate/veg, men innafor avgrensa områder som for eksempel industriområder, byggeplassar eller bensinstasjonar, kan det søkjast om slik skilting.

4.8. Vindaugsdekor

Vindauge på gateplan skal vera mest mogleg opne, og framstå som vindauga med utstilling.

For vindauge på andre plan gjeld regelen der det er naturleg.

Eventuell folie på vindauge skal vera utan bodskap, avgrensa til 1/3 av vindaugsfasaden og med nøytrale, tilpassa fargar.

Kan ein verksemd visa til at dei har spesielle behov for skjerming mot innsyn, sollys eller liknande, kan dei søkje om naudsynt skjerming.

4.9. Markiser

Markiser skal vera tilpassa bygningen sin storleik, byggestil, fasadeutforming og fasadematerialar, og breidda på markiser skal avgrensast til opninga på vindauga. Fri høgde skal vera i samsvar med pkt. 5.

Skilting på markiser er tillate, dersom skiltinga elles oppfyller krava i føresegna.

4.10. Reklame

Reklame for bestemte varemerker er ikkje tillate.

4.11. Reklame for større arrangement og ved særskilde markeringar

Banner eller vimpelkjeder på tvers av veg eller gate kan setjast opp inntil 14 dagar før eit større arrangement og skal fjernast straks arrangementet er avvikla. Fri høgde skal vera minst 4,7 m og vegmynde må gje samtykke.

Mellombelse skilt og installasjonar kan setjast opp ved særskilde markeringar, men skal meldast til kommunen. Kommunen kan nekta oppsetting eller setja vilkår.

4.12. Skilt og reklame på idrettsarenaer

Skilt og reklameplakatar på idrettsarenaer kan plasserast utan godkjenning når dei er vende inn mot anlegget eller når dei er knytt til enkeltstående arrangement (med rimeleg tid før og etter arrangementet for oppsett/nedtaking).

4.13. Ukurante skiltløysingar

Skilt på møne, takflate, eller festa oppå baldakin er ikkje tillate.

Samanhengande skiltband, reklamefelt eller markering langs fasadar er ikkje tillate.

Oppsetting av veggmonterte tavler eller plakatar er ikkje tillate.

5. Oppheng, sikring, vedlikehald og fjerning av skilt

Skilt og innretningar skal festast forsvarleg og haldast vedlike eller fjernast dersom dei er skada eller prega av forfall.

Når ei verksemd blir nedlagt eller flytter, skal skilta straks fjernast.

Minste lovlege fri høgde til skilt, markiser og andre innretningar som stikk ut frå fasaden er 2,25 meter over fotgjengarareal., jf. politivedtektene § 6. Over køyreveg skal fri høgde vera minst 4,7 meter.

6. Krav til søknad

Søknad om godkjenning av skilt- og reklameinnretning skal skrivast på eige søknadsskjema.

Før kommunen handsamar søknadene kan det innhentast uttale frå aktuelle interesseorganisasjonar og faginstansar.

7. Tiltakshavar og krav til faglege kvalifikasjonar

Søknader blir behandla etter plan- og bygningsloven § 20-1, 1. ledd pkt. i, men er i utgangspunktet unntatt loven sine krav om ansvar og kontroll. Eigar av bygget er tiltakshavar.

Ved større saker, slik som ved nybygg og oppsett av fleire skilt samtidig kan kommunen setja krav om ansvarleg søkjar og ansvarsrett for prosjektering og utføring av tiltaket.

8. Dispensasjon

Det kan søkjast om dispensasjon frå skiltføresegna, jf. plan og bygningsloven § 19-1.

9. Forholdet til anna regelverk

Føresegna tilsideset ikkje reglar som følgjer av lov. Særleg visar ein til vegloven § 33, som har reglar om skilt og reklameinnretningar langs veg, og naturvernloven § 15 om skilting utanfor tettbygd strøk.

10. Tilsyn og kontroll

Kommunen fører tilsyn og kontroll med at skiltføresegna blir fylt.

11. Gebyr

For behandling av saker etter skiltføresegna skal det betalast gebyr etter gjeldande regulativ, fastlagt av kommunestyret med heimel i plan og bygningsloven.

12. Iverksetjing

Skiltføresegna trer i kraft ved vedtak datert xx.xx.xxxx.

Vedlegg 2 Definisjonar til føresegner for skilt og reklame

Skilt (og liknande innretningar):

Fysisk og/eller anna innretning for montering, plassering, klebing, projisering eller på anna måte synleggjering av fast eller utskiftbart bodskap. Som utandørsskilt reknast også same type innandørs innretning der bodskapet er retta mot utsida.

Reklameskilt:

Skilt og liknande innretning som annonserer varer, tenester eller arrangement utan stadleg tilknytning.

Fasade:

Den sida av eit hus som vender mot gata. Inkluderer vegg, vindauge, nisjar og liknande.

Fasadeskilt:

Skilt montert på vegg, i nisje eller vindaugsopning.

Malt skilt:

Skilt med bodskap malt direkte på vegg.

Plateskilt:

Tett plate/kasse/søyle for montering av fast eller utskiftbart bodskap.

Frest (konturskore) skilt:

Skilt utforma som enkeltelement utan bakplate.

Nedhengsskilt:

Skilt montert i nedheng frå tak, himling, baldakin eller liknande.

Uthengsskilt:

Skilt montert ut frå fasade.

Vindusdekor:

Sjølvfestande folie på vindauge. Inkluderer både vanleg folie, klistremerke med namn/logo og frittstående bokstavar/logoar.

Frittstående skilt, ID-mast, pylon/totem:

Skilt på stolpe, sokkel, stativ eller mast.

Informasjonsskilt:

Skilt med informasjon om leigetakare osv. innafør eit område eller ein bygning.

Belyst skilt:

Skilt der lyskjelda er plassert utanfor skiltet.

Lysskilt:

Skilt der lyskjelda er integrert i skiltet (lyskasse).

Indirekte belyst skilt:

Lysskilt der lyskjelda er montert i skiltet og lyser opp veggen bak skiltet.

Lausfotskilt:

Lett flyttbar skiltinnretning (reklamebukk, vippeskilt, dreieleg veggskilt plassert på fortau, gate veg eller husvegg.

Vedlegg 3 Kommentar til enkeltpunkt i skiltføresegna:

3. Søknadsplikt:

SAK § 4-1 pkt. 3 bokstav c:

§ 4-1. Tiltak som ikke krever søknad og tillatelse

Unntak fra byggesaksbehandling etter denne bestemmelsen omfatter oppføring, riving, fjerning, opparbeidelse og endring av følgende tiltak:

3. Mindre tiltak utendørs

c) Skilt og reklameinnretning o. l. inntil 3,0 m² som monteres flatt på vegg.

Unntaket omfatter ikke plassering av flere skilt, reklameinnretninger o.l. som skal monteres på samme fasade.

4. Krav til plassering og utforming:

4.2 Fasadeskilt:

Freste (konturskårne) skilt er i dei fleste tilfelle å føretrekke, alternativt malte skilt (då spesielt på bygg frå før ca. 1900).

Plateskilt bør avgrensast til montering i naturlege nisjar i fasaden, alternativt bygd inn i vindaugsfelt.

4.4. Lyssetting av skilt:

Alle skilt på same fasade tilrådest å ha same type lyskjelde. Plassering av lyskjelden, materialer og overflater skal vera slik at refleksar og blending unngåast.

Spotbelysning tilrådest ikkje i bygater grunna kort levetid for lyskjelden, forstyrrende element i bybildet, og at lampen ofte skuggar for teksten.

4.5. Lausfotskilt:

Fri ferdsle i gangfelt er avgjerande for at synshemma skal kunne røra på seg på eiga hand. Lausfotreklame utgjer ein ekstra stor fare fordi den kjem overraskande på. Dette er ein av dei største hindringane synshemma møter når dei ferdast i det offentlege rom.

Utplassering av lausfotskilt må derfor gjerast med omtanke.

4.6 .Informasjonsskilt og frittstående skilt:

Frittstående skilt bør søkjast om som del av ein heilskapleg skiltplan for området.

4.7 Vindaugsdekor:

Vindaugsdekor bør monterast på innsida av vindaug.

6. Krav til plan, dokumentasjon og søknad:

Søknaden skal vedleggjast fasadeoppriss eller bilde som er målsett og opplysningar om materialbruk, farge og eventuelt lyssetting.

Ved søknad om nybygg skal plassering av skilt visast som ein del av fasadeutforminga. Søknaden skal vise materialbruk, farge og eventuelt lyssetting.